



# RAPPORT OM INTERNASJONAL MOBILITET 2018

INTERNASJONALT SENTER UIB

UNIVERSITETET I BERGEN



HOVUDTREKK 2018 .....	2
INNREISANDE PER FAKULTET OG UTVEKSLINGSPROGRAM: .....	2
UTREISANDE PER FAKULTET OG UTVEKSLINGSPROGRAM:.....	2
UTVEKSLINGSOPPHALD SOM DEL AV FULLFØRT GRAD .....	4
VERDSDELAR, LAND OG LÆRESTADER.....	6
KJØNNSFORDELING .....	11
KOMMENTARAR TIL HOVUDTREKKA: .....	12
ERASMUS+, BILATERALE AVTALAR OG NORDPLUS .....	13
INN- OG UTREISANDE PÅ ERASMUS+, BILATERAL OG NORDPLUS: .....	13
ANDRE UTVEKSLINGSPROGRAM .....	15
ERASMUS+ INTERNATIONAL CREDIT MOBILITY.....	15
NORSK-RUSSISK STIPENDORDNING (RUSSUT).....	15
NORTH2NORTH.....	16
FELLESGRADER/FELLES STUDIEPROGRAM VED UIB .....	16
ANNAN MOBILITET.....	17
STUDENTMOBILITET PÅ MINDRE ENN TRE MÅNADER .....	17
OPPHALD VED UNIS.....	18
UTVEKSLING UTANOM AVTALAR OG NETTVERK .....	19
PRAKSISMOBILITET .....	19
TILSETTMOBILITET .....	20
INTERNASJONALT MASTERGRADSOPPTAK.....	22

Denne rapporten presenterer tal for inn- og utreisende studentmobilitet, internasjonale gradsstudentar og tilsettmobilitet ved Universitetet i Bergen i 2018. Data er henta frå Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) og Felles studentsystem (FS). Full dataoversikt og interaktive kart er tilgjengelege [her](#) (tilgang til krev pålogging med uib-brukernavn@uib.no og passord).

## HOVUDTREKK 2018


### Innreisende per fakultet og utvekslingsprogram:

	HF	JU	KMD	MED	MN	PS	SV	Total
BARENTSPUS	5	6			1		3	15
BILATERAL	43	35	5	11	32	13	58	197
ERASMUS+	164	219	26	75	175	89	238	986
EURASIA							11	11
FULBRIGHT	1			1				2
INDIVID	3		5	10	10		6	34
KVOTEPROG	3			8	1		6	18
NORDPLUS	4	11		2	3	6	9	35
NORHED				1				1
NORPART				5			11	16
NORTH						1	1	3
PANOAM							2	2
<b>Grand Total</b>	<b>223</b>	<b>271</b>	<b>36</b>	<b>113</b>	<b>223</b>	<b>109</b>	<b>347</b>	<b>1 322</b>


### Utreisende per fakultet og utvekslingsprogram:

	HF	JU	KMD	MED	MN	PS	SV	Total
ANDRE	1							1
BILATERAL	65	94	7	9	75	54	71	375
ERASMUS+	33	38	24	46	23	28	95	287
INDIVID	4	2	2	6	1	10	10	35
NORDPLUS	4	6	1		1	4	2	18
<b>Grand Total</b>	<b>107</b>	<b>140</b>	<b>34</b>	<b>61</b>	<b>100</b>	<b>96</b>	<b>178</b>	<b>716</b>

Søylediagrammet under synleggjer mangelen på balanse mellom innreisande og utreisande utvekslingsstudentar:




Utviklinga dei siste fem åra kjem til uttrykk her:



## Utvekslingsopphald som del av fullført grad

UiB har gjennom handlingsplan for internasjonalisering for 2016-2022 uttrykt eit mål om at minst 40% at studentane som avlegg ein grad skal ha hatt eit utvekslingsopphald som del av gradsutdanninga. Sidan 2014 har andelen gått litt opp og ned, og for 2018 er det ein ny nedgang:



Det er store skilnader mellom fakulteta og mellom nivåa når det gjeld andel studentar med fullført grad som har vore på utveksling:

Fakultet	Nivå	Utveksling som del av avlagt grad i 2018	Utveksling som del av studiet
Det humanistiske fakultet	5-årig master	43,8	43,8
Det humanistiske fakultet	3-årig bachelor	19,9	24,5
Det humanistiske fakultet	2-årig master	2,9	10,6
Det humanistiske fakultet	Total	17	21,9
Det juridiske fakultet	5-årig master	44,5	45,8
Det juridiske fakultet	2-årig master	26,7	26,7
Det juridiske fakultet	Total	43	44,1
Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet	5-årig master	10	10
Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet	3-årig bachelor	26,2	26,5
Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet	2-årig master	0,4	17,5
Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet	Total	14,4	21,6
Det medisinske fakultet	Profesjonsstudium	30	30,6
Det medisinske fakultet	5-årig master	16,1	16,1
Det medisinske fakultet	3-årig bachelor	21,1	21,1
Det medisinske fakultet	2-årig master	0	10,4

Det medisinske fakultet	Total	19,7	22,3
Det psykologiske fakultet	Profesjonsstudium	65,4	65,4
Det psykologiske fakultet	3-årig bachelor	22,8	24,4
Det psykologiske fakultet	2-årig master	9,9	17,1
Det psykologiske fakultet	Årsstudium	0	11,8
Det psykologiske fakultet	Total	21,2	26,7
Det samfunnsvitenskapelige fakultet	5-årig master	33,3	33,3
Det samfunnsvitenskapelige fakultet	3-årig bachelor	18,1	20,6
Det samfunnsvitenskapelige fakultet	2-årig master	18	30,4
Det samfunnsvitenskapelige fakultet	Erfaringsbasert master	0	16,7
Det samfunnsvitenskapelige fakultet	Total	17,8	23,3
Fakultet for kunst, musikk og design	5-årig master	7,7	7,7
Fakultet for kunst, musikk og design	3-årig bachelor	20,6	20,6
Fakultet for kunst, musikk og design	4-årig bachelor	20	20
Fakultet for kunst, musikk og design	2-årig master	4,8	11,1
Fakultet for kunst, musikk og design	Årsstudium	0	8,3
Fakultet for kunst, musikk og design	Total	11,3	14,4
<b>Universitetet i Bergen</b>	<b>Total</b>	<b>20,3</b>	<b>25</b>


Truleg heng nedgangen saman ned droppet ein såg i tal på utvekslingsstudentar i 2017. Denne nedgangen forplantar seg og kjem til uttrykk i diagrammet over her, altså når studentane er ferdige med sin grad. Difor er det grunn til å tru at me opplever tilsvarende aukande trend i denne statistikken dei neste to åra. Like fullt må ein sette inn tiltak for å få fleire til å reise på utveksling. Eitt av tiltaka er «Opt-out-utveksling», der tre studieprogram (bachelor i europastudium, tysk og religionsvitenskap) er pilotar. Viktige element i ein opt-out-modell er:

- At fagmiljøet plukker ut eit knippe avtalar som er kvalitetssikra og fagleg forankra (dette kan ein sjå på i samanheng med at ein snart skal inn i ein ny programperiode for Erasmus+)
- Tydeleggjing i studieplanen at utveksling er ein integrert og forventa del av studiet
- God informasjon i forkant, under og etter utvekslingsopphaldet
- Avbyråkratisering av søknadsprosessen, inkl. søknad om førehandsgodkjenning, til fordel for både student, sakshandsamar og vitskapleg tilsette


Dagens modell for rapportering av utvekslingsopphald inneber at berre mobilitet på over tre månader tel med. UiB tek til orde for at også kortare utvekslingsopphald bør telje, og vil i så fall gje gode utslag i statistikken som går på andel utreisande. Ein kan lese meir om dette seinare i rapporten.

## Verdsdelar, land og lærestader


Topp 10 avreiseland uansett verdsdel




Topp 10 avreiseland Europa



### Topp 10 avreiseland utanfor Europa




### Topp 10 destinasjonar for utreisande studentar, uansett verdsdel







### Topp 10 destinasjonar for utreisande studentar, Europa



### Topp 10 destinasjonar for utreisande studentar, utanfor Europa




### Utreisande fordelt på verdensdel




■ Afrika ■ Asia ■ Europa ■ Nord-Amerika ■ Oseania ■ Sør-Amerika

### Innreisande fordelt på verdensdel




■ Afrika ■ Asia ■ Europa ■ Nord-Amerika ■ Oseania ■ Sør-Amerika

### Topp 10 lærestader utreise




### Lærestadar som sende flest studentar til UiB




## Kjønnsfordeling

Kjønnsbalanse utreisande studentar 2018



Kjønnsbalanse innreisande studentar 2018




## Kommentarar til hovudtrekka:


- Tal på både innreisande og utreisande utvekslingsstudentar auka i 2018 samanlikna med 2017. Auken på innreisande var på knappe 7 %, medan auken på utreisande var på nær 10 %.
- Når det gjeld utreise, held Erasmus+ fram den jamt aukande trenden med nær 10 % auke frå året før. Innan bilateral mobilitet er det ein god auke frå 2017 (15 %), men då må det også seiast at det i 2017 var ein ganske stor nedgang frå året før, og me er enno ikkje oppe på 2016-nivå att. Mobilitet på Nordplus har hatt ein nedgang på både inn- og utreise.
- Sjølv om det har vore ein auke i tal på utreisande, er det likevel ikkje nok til å jamne ut ubalansen mellom inn- og utreisande studentar. I 2018 kom det 606 fleire studentar *inn* enn det UiB sende *ut*. Ubalansen er størst innan Erasmus+, der det kom 986 studentar inn, medan 287 vart sendt ut. På bilaterale avtalar kom det inn 197 studentar og UiB sende ut 375 studentar. Oppsummert kan ein seie at UiB sender ut flest studentar på bilaterale avtalar og mottok flest studentar gjennom Erasmus+.
- Det er ein nedgang i andel ferdige kandidatar som var på utveksling i løpet av studia. I 2018 hadde 25 % av studentane som fullførte ein grad ved UiB vore på utveksling, mot 26,6 % i 2017 og 30,6 % i 2016.
- I Nordplus-nettverket har ein lågare stipendsatsar enn i Erasmus+-programmet. Sjølv om dette vert delvis kompensert ved at Nordplus også gir litt reisestøtte, så vil gjerne dette over tid svekke Nordplus som program. Det er også mange nettverk som har slite med for lite stipend. Dette gjer det også meir tungvint for administratorane og mindre føreseieleg og attraktivt for studentane. Det verkar vere færre aktive Nordplus-nettverk for kvart år. Nordisk råd har frå og med 2018 opna for at Nordplusnettverk kan bruke Erasmus-stipend til å finansiere studentutveksling.
- Dei aller fleste som reiser på utveksling, reiser gjennom avtale eller nettverk. Berre 35 studentar (4,9%) reiste ut som individ/freemover, altså utanfor avtale.
- Kjønnbalanse: både på inn- og utreise er kvinnene i fleirtal; 66% på innreisande og 69% på utreisande.

# ERASMUS+, BILATERALE AVTALAR OG NORDPLUS


Inn- og utreisende på Erasmus+, bilateral og Nordplus:




Inn- og utreisende på Erasmus+ 2014-2018:



### Inn- og utreisende på bilaterale avtaler 2014-2018:



### Inn- og utreisende på Nordplus 2014-2018:



# ANDRE

# UTVEKSLINGSPROGRAM

---

Størstedelen av studentutvekslinga ved UiB føregår gjennom bilaterale avtalar og program som Erasmus+ og Nordplus. Samstundes freistar UiB å framheve program som er spesielt viktige for utvekslinga med satsingsland som Canada, Russland og USA. UArctic sitt utvekslingsprogram north2north held seg om lag på same nivå som i 2017, medan Programma Norsk-russisk stipendordning (RUSSUT) og Erasmus+ International Credit Mobility (også kjent som Erasmus+ Global mobilitet) har ein liten nedgang i tal på innreisande studentar.

## Erasmus+ International Credit Mobility

UiB har sidan 2016 delteke i programmet Erasmus+ International Credit Mobility. Dette er eit mobilitetsprogram for studentar og tilsette og er ein del av Erasmus+. Programmet opnar for mobilitet til og frå land utanfor Europa/EØS. UiB sende for fyrste gong studentar på utveksling gjennom dette programmet i 2017.

I oversikta over mobilitet i 2018 presentert øvst i rapporten fell desse studentane inn under kategorien ERASMUS+.

UiB hadde i 2018 25 *innreisande* Erasmus+ ICM studentmobilitet mot 37 i 2017. Desse fordelte seg på India (8), Tunis (5), Kina (5), Ukraina (3), Egypt (2), Jordan (1) og Australia (1).

Det var seks *utreisande* mobiltetar i 2018, mot fem i 2017, som fordelte seg på Jordan (2), Egypt (2), Cuba (1) og Mexico (1).

## Norsk-russisk stipendordning (RUSSUT)

RUSSUT er eit program administrert av Diku (tidl. SIU), som har som mål å auke talet på innreisande studentar frå Russland til Norge. Kun seks norske lærestadar deltek i programmet – UiB, UiT, UiO, NTNU, Nord Universitet og OsloMet. Programmet opnar i seg sjølv ikkje for bilateral utveksling, men UiB brukar programmet aktivt i rekrutteringa av studentar frå russiske partneruniversitet ved å oppmode dei til å søke om støtte frå programmet. Dette bidreg til å forsterka relasjonen til våre russiske partnerar, og til å auke utvekslinga med dei.



Diku (tidl. SIU) deler ut inntil 30 RUSSUT-stipend kvart år, og fekk i 2018 inn 62 søknadar frå russiske studentar. 28 av desse søkte seg til UiB, og 11 søkarar fekk opptak til UiB gjennom RUSSUT-programmet (mot 14 i 2017). Alle 11 kom frå samarbeidsuniversitet.

## **NORTH2NORTH**

North2north er utvekslingprogrammet til nettverket University of the Arctic (UArctic), der UiB er medlem. Det åpner for studentutveksling mellom medlemsuniversitet i Canada, Danmark, Færøyene, Finland, Island, Norge, Russland, Sverige og USA. North2north-programmet passar bra for studentar på studieprogram der Arktis er eit sentralt tema, både innen naturvitskap, samfunnsvitskap og humaniora.

I 2018 tok UiB imot fire studentar frå Canada og ein frå USA gjennom north2north (mot tre frå Canada og to frå USA i 2017).

## **Fellesgrader/felles studieprogram ved UiB**

UiB har i 2018 vore involvert i følgande fellesgradsprogram:

- European Master programme in System Dynamics (JMASV-SYS). Programmet vert administrert av Institutt for geografi. Programmet har tidlegare hatt Erasmus Mundus-finansiering og har søkt på nytt om slik finansiering for perioden 2019-2024.

I 2018 vart det gjeve opptak til UiB til tre studentar på dette programmet (mot 18 i 2017).

- EMQAL – European Joint master in Quality in Analytical laboratories (JMAMN-QAL). Programmet er no koordinert av Kjemisk institutt. Programmet har tidlegare hatt Erasmus Mundus-finansiering og har søkt på nytt om slik finansiering for perioden 2019-2024).

I 2018 vart det gjeve opptak til UiB til to studentar på dette programmet, det same som i 2017.

- IMBRSea International Master of Science in Marine Biological Resources. Programmet vert administrert av Institutt for biovitskap og får finansiering gjennom Erasmus Mundus-programmet.

I 2018 vart det gjeve opptak til 21 studentar (mot null i 2017).

Studentane fordelte seg på følgande land: Storbritannia og Nord-Irland, Frankrike (3), Belgia, Tyskland, Spania (2), Canada, Brasil, Peru, Irland, Honduras, Filippinane, Indonesia, Ghana, USA, Singapore, Uruguay, Japan, Nederland, Makedonia (1).

# ANNAN MOBILITET

## Studentmobilitet på mindre enn tre måneder

Talet på inn- og utreisende studentar på opphald på under tre månader var relativt stort i 2018 (227 ut mot 214 året før og 113 inn mot 112 året før). Igjen var det Det medisinske og Det psykologiske fakultet som tok imot flest studentar på kortare opphald. Det medisinske fakultetet er det fakultetet som sender ut desidert flest studentar på kortare opphald, og indikerer at den internasjonale verksemda ved fakultetet er høgare enn den offisielle statistikken skulle tilseie.

Andre fakultet som utmerker seg positivt med omsyn til opphald på under tre månader er Det humanistiske fakultet og Det psykologiske fakultet. Det psykologiske fakultet har eit korttidsprogram på fem veker i januar/februar kvart år, som er ope for studentar frå utvalde partnerinstitusjonar i Australia. Det humanistiske fakultet sender mange studentar til dei norske sentra i utlandet.

Utreisende studentar fordelt på fakultet, under tre månader:

	HF	JU	KMD	MED	MN	PS	SV	Totalt
ANDRE	60				2		4	66
BILATERAL		16		41	1			58
ERASMUS+	1				1	1		3
EURASIA				4				4
INDIVID	5	1	14	67	2	3	4	96
<b>Totalt</b>	<b>66</b>	<b>17</b>	<b>14</b>	<b>112</b>	<b>6</b>	<b>4</b>	<b>8</b>	<b>227</b>

Innreisende studentar fordelt på fakultet, under tre månader:


	HF	JU	MED	MN	PS	SV	Totalt
BILATERAL		20	6		29		55
ERASMUS+	2		12	2		2	18
INDIVID	2		1	2		21	26
NORDPLUS			1				1
NORHED			11				11
NORPART			2				2
<b>Totalt</b>	<b>4</b>	<b>20</b>	<b>33</b>	<b>4</b>	<b>29</b>	<b>23</b>	<b>113</b>

Utvexlingsopphald på under 3 månader tel ikkje med i finansieringsgrunnlaget frå Kunnskapsdepartementet, men er likevel mobilitet, og difor viktig å synleggjere. Det kan vere vanskeleg å finne plass i studieplanen til eit heilt utvekslingssemester både i profesjonsutdanningane og i mastergradane. Dette er ein av problemstillingane UiB har spelt inn til Forskings og høgare utdanningsminister Iselin Nybø i samband med utarbeiding av varsla stortingsmelding om studentmobilitet.

## Opphald ved UNIS

Studentar ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet (MN) og geografi-studentar ved Det samfunnsvitenskaplege fakultet har høve til å ta emne i arktisk biologi, arktisk geologi, arktisk geofysikk og arktisk teknologi ved UNIS på Svalbard. Tilbodet er populært blant både gradsstudentar og innvekslingsstudentar. Dei aller fleste gradsstudentar som utveksler til UNIS kjem frå MN. Eit opphald på Svalbard er ikkje utveksling i tradisjonell forstand og det påverkar ikkje utvekslingstala for dei involverte fakulteta. Likevel inneheld det mange av elementa ein vil kunne få gjennom ordinær utveksling, sidan ein trass alt oppheld seg i eit internasjonalt akademisk miljø, og vil difor kunne opplevast som utveksling for dei studentane det gjeld.

Studentar som tok emne ved UNIS i 2018




I 2018 var tala på UNIS-studentar låge sett i forhold til 2016 og 2017. Nedgangen er i gruppa «UiB-studentar», medan talet på innvekslingsstudentar som reiser til UNIS held seg ganske stabilt:

Årstall	Innvekslingsstudent	UiB-student	Totalt
2015	23	54	77
2016	26	67	93
2017	20	76	96
2018	25	47	72


## Utveksling utanom avtalar og nettverk

Andel som reiste ut utenfor avtale (individ)



## Praksismobilitet

At meir praksis skal inngå i utdanningane er eit uttalt mål i Meld. St. 16 om Kultur for kvalitet i høgere utdanning. Diku auker praksisstipendet frå 2019/20 med 100 € per måned (det er no oppe i 610/640 € per måned mot 410/460 € for studentar på ordinær utveksling). Ved UiB er dette målet synleggjort i handlingsplanen for kvalitet i utdanninga, og som ein ser av diagrammet under har det vore ein god auke i utreisande Erasmus+ praksismobilitet dei siste åra.



Desse tala inkluderer mobilitet frå 2 månader og oppover. Mobiliteten som er over 3 månader ligg også inne i tala for ordinær utveksling som er presentert lenger oppe.

UiB har nokre gode døme på internasjonal praksismobilitet som er integrert i studia:

- Institutt for **samanliknande politikk** har etablert eit **praksisprogram** som også inkluderer samarbeidsbedrifter i utlandet (Praksis i sammenlignende politikk – utenbys). Praksisemnet tilbys som eit fulltidsstudium for studentar som tek praksis i utlandet og vert følgde opp av både av instituttet og verksemda under opphaldet.
- Det juridiske fakultet tilbyr “**semesterpakke i kinesisk rett**” der studentane kombinerer studier med praksis under utveksling i Kina, og der fakultetet samarbeider med kinesiske, norske og internasjonale bedrifter og kontor som tilbyr praksisplassar i Beijing og Shanghai.
- På **lektorprogrammet** i naturvitskap og matematikk har ein høve til å gjennomføre ein praksisperiode på 9 veker ved ein videregående skule i Cape Town (The Cape Town Academy of Mathematics, Science and Technology Education).
- Profesjonsstudentar i **psykologi** kan også reise til Sør-Afrika på praksis. Det psykologiske fakultet har i snart 15 år samarbeidd med klinikkar i Cape Town, der dei tek imot pasientar poliklinisk i tillegg til å vera ute på lokale skular.
- Ved **Institutt for framandspråk** har ein oppretta to praksisemne: «Språkstudentar i arbeidspraksis» og «Praksis i bokindustrien» for studentar ved bachelorprogrammet i fransk, gjennom eit samarbeid med Universitetet i Montreal.

## Tilsettmobilitet

Erasmus+ legg til rette for at tilsette ved utdanningsinstitusjonar kan dra på utveksling i Europa. Det dreier seg om Erasmus Teaching Assignment og Erasmus Staff Exchange.

Erasmus Teaching Assignment (lærerutveksling) har alltid vore ein viktig del av Erasmus-programmet, ettersom tettare samarbeid mellom undervisarar kan stimulere til auke i utveksling av studentar. UiB har delteke aktivt i denne Erasmus-aktiviteten sidan 1993, og talet på utveksling har auka noko dei seinare åra. Som tabellen under viser, har me likevel ein liten dropp i talet i 2018/19:

Fakultet	2016/2017	2017/2018	2018/19
HF	12	6	7
SV	0	2	1
MED/ODONT	0	0	0
MN	3	1	3

JUS	4	4	4
PSYK	1	2	1
KMD		8	3
<b>Totalt</b>	<b>20</b>	<b>23</b>	<b>19</b>

Gjennom Erasmus Staff Exchange (tilsettutveksling) kan alle typer tilsette – både administrative, tekniske og vitenskaplege – få høve til å reise på eit opplæringsopphald ved ein europeisk institusjon. Her er det ikkje krav om at mottakarinstitusjon skal vere eit universitet eller at det ligg ein Erasmus-avtale til grunn, noko som gjev større fleksibilitet og variasjon i kvar dei tilsette reiser. Erasmus+ tilsettmobilitet per fakultet:

Fakultet	2016/2017	2017/2018	2018/19
HF	1	4	1
SV	0	2	6
MED/ODONT	6	14	12
MN	10	1	3
JUS	1	0	0
PSYK	1	0	1
KMD		0	2
SENTRALADM	1	9	2
<b>Totalt</b>	<b>20</b>	<b>30</b>	<b>27</b>

Erasmus+ International Credit Mobility legg til rette for tilsettmobilitet *utanfor* Europa. Tala her gjekk litt ned i 2018 samanlikna med 2017 for gruppa *utreisande*. Til saman var det fem utreisande tilsettmobiltetar fordelt på Cuba (1), Ukraina (2), Jordan (1) og India (1), mot totalt 10 i 2017.

For *innreisande* tilsetttmobilitet var totalen 8, det same som i 2017, fordelt på Ukraina (3), Australia (2), Jordan (1), Cuba (1) og India (1).

# INTERNASJONALT MASTERGRADSOPPTAK

Søkartal til mastergrad ved UiB i 2017 og 2018:

Fakultet	Primærsøkarar		Tilbud		Ja-svar		Møtt	
	2017	2018	2017	2018	2017	2018	2017	2018
Det humanistiske fakultet	184	233	11	26	6	21	4	15
Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet	907	739	55	58	23	30	15	14
Det medisinske fakultet	456	691	50	44	35	27	20	16
Det psykologiske fakultet	223	287	25	22	16	15	12	7
Det samfunnsvitenskapelige fakultet	479	593	66	77	35	46	15	26
Fakultet for kunst, musikk og design	15	268	2	36	1	27	1	21
<b>Totalt</b>	<b>2 264</b>	<b>2 811</b>	<b>209</b>	<b>263</b>	<b>116</b>	<b>166</b>	<b>67</b>	<b>99</b>

UiB fekk eit rekordstort tal på søknadar til mastergradsprogram i 2017 – 2264 søknadar, noko som var dobbelt så mange som i 2016 (1154 søknadar). Dette var som følge av fleire rekrutteringstiltak som mellom anna gjekk ut på å marknadsføre UiB på [www.studyportals.com](http://www.studyportals.com), utbetre informasjonen om søknadsprosessen på UiBs nettsider, innføre seinare søknadsfrist for søkarar frå EU/EØS, og ringe opp søkarar som fekk tilbud om opptak.

Som ein kan sjå av tabellen over, fortset auken i 2018. Ein må her legge til at 2017-tala berre viser søkarar i GRIEGMA (musikk) hjå Fakultet for kunst, musikk og design, og ikkje i MA-KUMD (kunst og design). Den faktiske auken frå 2017 til 2018 er difor ikkje så stor som den ser ut som.

Fordelinga på verdsdeler viser at auken i tal på primærsøkarar er størst i Europa, Afrika og Nord-Amerika, medan tal for Asia held seg ganske stabile samanlikna med året før:

	2017				2018			
	Primær-søkarar	Tilbud	Ja-svar	Møtt	Primær-søkarar	Tilbud	Ja-svar	Møtt
<b>Afrika</b>	862	43	34	18	1 064	51	38	17
<b>Asia</b>	1 093	99	54	29	1 136	82	53	29
<b>Europa</b>	139	34	18	11	357	73	45	27
<b>Nord-Amerika</b>	125	28	9	8	191	40	21	18
<b>Oseania</b>	12	3	0	0	16	3	2	2
<b>Sør-Amerika</b>	32	2	1	1	45	14	7	6
<b>Totalt</b>	<b>2 264</b>	<b>209</b>	<b>116</b>	<b>67</b>	<b>2 811</b>	<b>263</b>	<b>166</b>	<b>99</b>



